

Oppsummering av innspel frå folkemøta om ny samfunnsdel av kommuneplanen til Fjaler kommune

I januar og februar 2025 vart det gjennomført folkemøte i samband med oppstart av ny samfunnsdel av kommuneplan for Fjaler kommune. Det vart halde folkemøte i Guddal (G), Våge (V), Dale (D) og Flekke (F). På folkemøta hadde ein gruppearbeid med fire ulike tema for å få innspel frå innbyggjarane på desse.

Gruppene vart spurt og kva som fungerer bra innanfor dei ulike tema, og kva som kan bli betre. Punkta om vart nemnt av flest grupper på dei ulike møta er med i lista under. Gruppene skulle også prioritere tre ting som fungere bra, og tre ting som kan bli betre. Desse er også tatt med frå alle fire møta.

Dette dokumentet er ei oppsummering av alle dei innspela som kom inn på alle folkemøta.

Tema 1: Næringsutvikling og verdiskaping

Kva fungerer bra?

Punkt som er nemnt av flest grupper:

- Tilgang på gode og varierte arbeidsplassar (F)
- Nærbutikk (F)
- Landbruk (F)
- Kulturtilbodet (F)
- Etablering av Nytt (D)
- Mangfoldig/varierte næringsliv (D)
- Skule og barnehage viktig som arbeidsplass og for å drive næring (V)
- Lutelandet (V)
- Naturgitte føresetnader, t.d. akvakultur, havbruk (V)
- Landbruk (G)
- God tilgang til arbeidsplassar (G)
- Mange moglegheiter (G)

Gruppene sine prioriteringar:

1. Dedikerte drivarar (F)
2. Nærbutikk med kafé (F)
3. Varierte og mange arbeidsplassar (F)
4. Varierte næringsliv og gründerar (D)
5. Nytt – at det er etablert og kjem i gong (D)
6. God verdiskaping innanfor fritid/kultur/frivilligheit (D)
7. Skule og barnehage (V)
8. Viktig at det skjer noko på Lutelandet (V)
9. Vidareutvikle naturgitte og geografiske forutsetningar (V)
10. Godt landbruk og landbrukskontor (G)
11. Arbeidsmarknad – gode moglegheiter og mykje kompetanse (G)
12. Ta vare på kulturminne / kultur (G)

Kva kan bli betre?

Punkt som er nemnt av flest grupper:

- Utvikling på Lutelandet (F)
- Kontorfellesskap (F)
- Satse meir på reiseliv (overnattingstilbod, marknadsføring) (F)
- Styrke landbruket som næring (F)
- Næringsareal (D)
- Utvikle oppdrettsnæring, berekraftig (D)
- Tilrettelegging for bustadbygging (V)
- Kommunen sitt engasjement inn mot fylket i saker som samferdsel og bustadbygging (V)
- Infrastruktur – vegar, ferje, mobildekning (V)
- Støtte frå kommunen og andre aktørar (økonomi, rettleiing) (G)
- Felles arenaer for næringslivet, meir samarbeid med kommunen og mellom kommunar (G)
- Utvikle landbruket (G)
- Betre infrastruktur (veg, dekning, internett) (G)

Gruppene sine prioriteringar:

1. Leve av primærnæring (F)
2. Skape kultur for innovasjon (F)
3. Utvikle Lutelandet og andre næringsareal (F)
4. Næringsareal og tilgang til tomt/bustad (D)
5. Effektiv og betre sakshandsaming (D)
6. Samhandling kommunen/næringsliv/turisme/kultur (D)
7. Fleire bustader (V)
8. Lettare å leige, gjennomgangsbustad (V)
9. Attraktive tomter som ein må få lov til å bygge på (V)
10. Få bygge der ein har lyst til å bygge (V)
11. Differensiert regelverk i distrikta (V)
12. Infrastruktur og samferdsel (veg, ferje) (V)
13. Sosiale møteplassar i jobb og fritid (innomhus) (V)
14. Infrastruktur (veg, fiber, straum) (G)
15. Stort potensiale i reiseliv (utnytte naturressursar, t.d. jakt som tilleggsnæring) (G)
16. Utvikle gode tenester på tvers av privat – bedrift – kommunegrenser (sentrum må inkludere utkantane) (G)

Tema 2: Gode kvardagsliv

Kva fungerer bra?

Punkt som er nemnt av flest grupper:

- Nærleik til tenestene (butikk, barnehage, skule) (F)
- Fritidstilbod (t.d. bading, frisbee-bane) (F)
- Turmoglegheiter og nærleik til natur (F)
- Gode og sosiale møteplassar (F)
- Aktiv kulturnæring/sterkt kulturliv (D)
- Gode fritidstilbod for folk i alle aldrar (D)
- Sosiale møteplassar/lågterskel aktivitet (D)
- Skule og barnehage med området rundt – fotballbane, trimrom, grendahus (V)
- Fiber/internett (V)
- Friluftsliv (V)
- Gode jobbmoglegheiter (G)
- Fleire lag og organisasjonar i bygda (G)
- Godt fritidstilbod og gode treningsmoglegheiter (G)
- Tilgang til natur (G)

Gruppene sine prioriteringar:

1. Kulturliv, fritidstilbod osv. – gode møteplassar (F)
2. Barnehage, skule og nærbutikk (F)
3. Innsatsen til alle organisasjonar som står på i dei ulike bygdene (F)
4. Skular og barnehagar (D)
5. Sosiale møteplassar for alle aldrar (D)
6. Kultur og organisasjonsarbeid (D)
7. Barne og skule med området rundt med idrettsanlegg, trimrom, grendahus i same område (V)
8. Internett (V)
9. Samholdet i bygda er bra (V)
10. Gode fritidstilbod til folk (G)
11. Gode jobbtilbod til folk (G)
12. Engasjerte innbyggjarar / aktive lag i bygda (G)

Kva kan bli betre?

Punkt som er nemnt av flest grupper:

- Kollektivtilbod (F)
- Tilgang på bustader og bustadtomter (F)
- Infrastruktur (veg, fiber, gatelys) (F)
- Trafikktryggleik/skuleveg/gatelys (D)
- Kollektivtilbod (D)
- Treng fleire ressurspersonar til frivillige lag og organisasjonar (V)
- Møteplass for ungdom/ungdomsklubb (V)
- Betre infrastruktur (veg, internett, dekning) (G)
- Betre kollektivtilbod og skyssordningar (G)
- Gode kommunale tenester i nærleiken av der ein bur (G)
- Legge til rette for sosiale arenaer (møteplassar, aktivitetstilbod) (G)

Gruppene sine prioriteringar:

1. Offentleg transport (F)
2. Utbygging av fiber/4G til alle (F)
3. Attraktive tomter/bustader utanfor Dale (F)
4. Trafikktryggleik + kollektivtilbod (D)
5. Frivilligstrategi, bruk pensjonistar og frivillige (D)
6. Betre uteliv og tilbod unge vaksne (D)
7. Vegnettet (V)
8. Bustadbygging, holdningar i kommunen og tilrettelegging frå kommunen må bli betre (V)
9. Mobildekning er mangelfull bla på Våge og innover frå Hellevik (V)
10. Infrastruktur (spesielt dekning, men også veg) (G)
11. Kollektivtilbod til fleire med tanke på fritidsordningar og aktivitetar generelt (G)
12. Godt omdømme, samhald i bygda (G)

Tema 3: Klima, natur og miljø

Kva fungerer bra?

Punkt nemnt av flest grupper:

- Drikkevatnet (F)
- Miljøstasjonen (F)
- Nærleik til tenestene (reduserer reisebehovet) (F)
- Nærleik til naturen (F)
- Avfall – lite forsøpling, god miljøstasjon (D)
- Gode naturressursar – reint vatn og frisk luft (D)
- Fin natur og gode turstiar (D)
- Renovasjon (V)
- Naturkvalitetar, frisk luft (V)
- Landbruk og aktivt fiske- og jaktmiljø (G)
- Kjeldesortering (G)
- God tilgang til naturen (G)

Gruppa sine prioriteringar:

1. Nærleik til skule, barnehage og butikk (F)
2. Naturvern og tilgang til sjø og fjell (F)
3. Rein kraft (F)
4. Turstiar i flott natur, nærme der folk bur. (D)
5. Reint vatn og frisk luft (D)
6. Lite forsøpling (D)
7. Alle naturkvalitetar (friluftsliv, fjell, jakt, fiske, turstiar) (V)
8. Renovasjon (V)
9. Lite forureining av næringsliv, fastbuande og trafikk (V)
10. Det er mogleg å dyrke og hauste vår mat (G)
11. Vi har tilgang til natur -> folkehelse og bulyst (G)
12. Bosslevering (G)

Kva kan bli betre?

Punkt nemnt av flest grupper:

- Ras- og flaumsikring (F)
- Fleire ladestasjonar for elbilar (F)
- Betre løysingar for renovasjon (matavfall, landbruksplast, gjenbruksbutikk) (F)
- Endå betre gjenvinning – betre sortering, meir containere (D)
- Følgje opp miljøforureining, mykje skrot i naturen (D)
- Delingsøkonomi/BUA for fleire ting (D)
- Ladepunkt (V)
- Vatn ? (V)
- Sikre drift på gardsbruk og ivareta kulturlandskapet (G)
- Styrke beredskapen (t.d. rassikring, flaumvern) (G)
- Betre løysingar for kjeldesortering (spesialavfall, moglegheit til å levere avfall lokalt) (G)
- Styrke reiselivet gjennom å marknadsføre den fine naturen (G)

Gruppa sine prioriteringar:

1. Havbruk, strengare krav for oppdrett (F)
2. Ras- og flaumsikring (F)
3. Opningstider på miljøstasjonen og gjenbruksbutikk (F)
4. Større felles avfallsstasjonar og kommunekompost samt gjenbruksstasjon (D)
5. Klimaplan for kommunen (energi, netto null) (D)
6. Ta vare på nærnatur – incentiv, tilskot (D)
7. Meir nøktern vurdering av naturfare (kvikkleire, rasfare, flom) pga. geografi og topografi i ytre (V)
8. Ladepunkt (V)
9. Kollektivtrafikk – betre bestillingsdrosje for dei som treng det (V)
10. Meir fleksibilitet for bygging i strandsona (V)
11. Sikre busetnad (G)
12. Styrke beredskapen (G)
13. Bli betre på å sortere landbruksplast (G)

Tema 4: Trafikktryggleik

Korleis kan vi betre trafikktryggleiken i kommunen?

Punkt nemnt av flest grupper:

- Gang- og sykkelveg Flekke-Haugland (F)
- Gang- og sykkelveg Dale-Håland (F)
- Betre parkeringsløyising ved Flekke barnehage og skule (F)
- Refleksbruk (F)
- Utbetring av Fv57 (F)
- Betre skilting av fartsgrenser mellom Flekke og Haugland (F)
- Skogrydding langs veg/betre sikt (V)
- Utbetring av møteplassar/smale vegar/vekk med hamrar langs vegane (V)
- Utbetring av Korssundvegen (V)
- Bruk av refleks (V)
- Meir gatelys (V)
- Ta omsyn til trafikken og køyr etter forholda (G)
- Melde frå ved hendingar eller andre farar (G)
- Bruke refleks (G)
- Pass på at bilen er trafikksikker og alt fungerer som det skal (G)
- Fokus på haldningsskapande arbeid – opplæring både for unge og vaksne (G)

Gruppa sine prioriteringar:

1. Vegen mellom Flekke sentrum og Haugland (fartsgrense, fortau, gatelys) (F)
 2. Generell betring av vegane i Flekke og Fjaler (gatelys, rassikring) (F)
 3. Haldningsskapande arbeid, eit samarbeid mellom skulen og foreldra (F)
 4. Haldningsskapande arbeid (barnehage, skule og vaksne) (G)
 5. Melde frå om farlege punkt (G)
 6. Ferdast omsynsfullt og følgje trafikkreglane (G)
-
- Det var ikkje prioritering av dette tema på Våge grunna for få grupper/deltakarar
 - Det var ikkje tema trafikktryggleik i Dale då det var tatt saman med kommunedelplan